



Dugnadsgjengen starta tidleg laurdag for å nytta dagen (Foto: Thor Inge Døssland)

**Vi har tidlegare skrive om det store dugnadsarbeidet som har vore gjort på ungdomshuset Helgheim. Det trøysteslause veret den siste tida har ført til ein lengre pause i dette arbeidet. Laurdag viste veret seg frå ei betre side, og alt kl.09.00 var ein trufast dugnadsgjeng på plass.**

Då vi var innom litt seinare, var Bjørgulv Eik og Godtfred Bakke godt i gang med utvendig arbeid på taket, medan Gunnar Myklebust, Thomas Eide og Audun Eik dreiv innandørs.

Audun fortel at dei ikkje får gjort det arbeidet som står att utvendig, ferdig no. Dei må syta for å berga det for vinteren med ei midlertidig tetting, og så må dei ta opp att arbeidet til våren. Innvendig er dei i gang med å riva under den delen der det utvendige tettingsarbeidet er gjort ferdig. Det viser seg heldigvis å ha vore vellukka. Det held tett!

Vi er imponert over dugnadsgjengen. Dei stiller opp, legg ned utallige timar arbeid og syt for at den kulturskatten som Helgheim er i bygda, vert teken vare på.

Av Thor Inge Døssland



Audun Eik er ein av dei som står på for å få Helgheim istand att (Foto: Thor Inge Døssland)